

ALVER KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 03.02.2022  
**Vår ref.:** 201710111-5  
**Dykkar ref.:** 21/6328 - 21/83683

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes  
22 95 95 27/toot@nve.no

## NVE si fråsegn til offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Langelandskogen - Alver kommune

Vi viser til brev datert 13.12.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Langelandskogen. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utvikling av Langelandskogen med service og tenesteytande funksjonar, bustader og grønstruktur. Langelandskogen sentrum med Fossesjøen, Storeknappen og Sagstad skal gjennom tilrettelegging i områdereguleringsplanen koplast saman, og styrke området sin tettstadsidentitet.

I e-post datert 14.12.2021 skriv de at det er utarbeidd ei ras- og skredfarevurdering. De ynskjer difor ei spesifikk uttale frå NVE i saka.

### Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### Skredfare i bratt terreng

I NVE sitt innspel til planoppstart peikte vi på at det ligg nokre mindre aktsemdområde for snøskred innanfor planområdet. Det tilsa i følgje innspelet vårt at det var naudsynt å nytte fagkyndig kompetanse til å vurdere skredfaren i området.

Multiconsult har utarbeidd ei skredfarevurdering for planområdet. Rapporten er datert 20.03.18. Dei skriv i skredfarevurderinga at det er lite sannsynleg at areal innanfor planområdet kan rammast av skred frå naturleg terreng. På grunn av at berg i dagen generelt er massivt og glattskurt, at eventuelle utløysingområde er veldig lokale, og at det er såpass lite sannsynleg at skred vil bli naturleg utløyst, er det i følgje rapporten ikkje hensiktsmessig å teikne faresonekart.



NVE har ikkje avgjerande merknader til skredfarer rapporten. Den kunne hatt noko tydelegare konklusjonar. I staden for å skrive at det er «lite sannsynleg» at det kan gå skred burde rapporten vore eintydig på om sannsynet var mindre enn tryggleikskrava i TEK17 eller ikkje.

### **Overvatn**

I VA-planens kapittel 4.4 Overvann og flom blir prinsipp for overvasshandteringa drøfta. Planen rår til at overvasshandteringa blir planlagt etter prinsippa i Norsk vann sin treleddstrategi. Vidare er det eit grunnleggande krav i kommunen sine planar for overvasshandtering, at nedstraums område ikkje blir meir belasta i utbygd situasjon enn i noverande situasjon. VA planen gjer elles greie for at det har skjedd ei dreining mot heilskapleg planlegging innan overvasshandtering, som inneber færre røyr og meir lokal handtering med opne løysingar. I kapittel 4.4.6 er det framlegg til konkrete overvassløysingar for Langelandskogen

NVE står opp om at treleddstrategien vert lagt til grunn, og at de ser til at nedstraums areal ikkje får auka belastning etter at planområdet er bygd ut.

VA planen er førande for arbeidet med detaljreguleringsplanane, jf. føresegnene kapittel 8.1. Vi vil likevel oppmode dykk om å synleggjere noko betre i plankart og føresegner dei konkrete løysingane som er føreslege i kapittel 4.4.6. Her kan bekk som skal haldast open, og flaumvegar nemnast.

Dersom de har spørsmål, eller det er noko i fråsegna her er som er uklart, kan de ta kontakt pr telefon eller e-post. De finn også mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

### **Mottakarliste:**

ALVER KOMMUNE

### **Kopimottakarliste:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND